

Merknad til konsesjonssøknad om kraftverk i Krossdalselvi

Underteikna er grunneigar på gardsnummer 20, bruksnummer 1 og 2 i Øvre Krossdalen.

Eg er ikkje fallrettseigar, den eig staten. Då det vart starta planlegging av kraftverket vart eg innkalla til møte med Blåfall (utbyggjar) og dei andre fallrettseigarane. Dei fyrste planane var at kraftverksinntaket skulle plasserast i hølen rett nedanfor Lauvbrufossen.

Eg var på synfaring med Åsmund Ellingsen frå Blåfall, denne planen hadde eg ingen merknad til. Seinare har eg ikkje vore med i prosessen, då eg ikkje eig fallet på eigedomen min.

Den 15. mai 2013 vart eg kalla inn til møte med Blåfall og fallrettseigarane i resten av elva, angående at staten kunne tenkja seg å selja attende fallretten. På dette møtet vart eg gjort kjend med dei endelege planane for kraftverket som er sendte til konsesjonsbehandling. Der er inntaket for kraftverket plassert ovanfor Lauvbrufossen, noko eg har sterke motførestellingar om. Eg er grunneigar på begge sider av elva. På nordsida er det dyrka mark, der fleire store samlegrøfter har sine utløp. Fallet er lite (0,5-0,7 %) på all den dyrka jorda mi mellom vegen og elva.

Då NVE tidleg på 1980-talet føretok elveførebygging av Krossdalselva vart elva senka ca. 1 meter. Dette resulterte i mykje betre utløp for grøftene, og all jorda mi vart turrare og betre drenert.

Med ei oppdemming i samband med inntaket, vil ein få høgare grunnvasstand og dårlegare drenering av jorda. Det er også fare for erosjon i elveskråningane ved ein storflaum. Eg har 26/12-11 sterkt i minne, då elva var enorm ved Lauvbrufossen.

Konklusjon: Eg som grunneigar på begge sider av elva og aktiv bonde med mjølk og sauehald, kan ikkje godta planen om inntak ovanfor Lauvbrufossen.

Med venleg helsing

Gunnstein Baggegard